

Kva skal vi samarbeide om?

Tverrfaglege problemstillingar

- Der personar/familiar har behov for tenester frå fleire einingar/tenester er det nødvendig å sjå utfordringar og tilbod i samanheng.
- Tilbodet må vere heilskapeleg og koordinert - ikkje stykkevis og delt. Alle einingar har ansvar for å ta initiativ til tverrfagleg samarbeid.

Bekymring

- Dersom det er “noko” som vekker bekymring eller undring er det viktig å ta det på alvor, kartlegge og dele bekymringa jamfør prosedyre, sjå «*Forpliktande samarbeid når vi er bekymra*».

Kva skal vi sjå etter?

Det kan vere usikkerheit rundt kva teikn ein skal sjå etter, når barn/familiar treng hjelp og når vi generelt skal ”bry oss”.

Som ein hovudregel kan vi seie at det er grunn til uro, når **barn/unge**:

- endrar åtferd
- mistrivst på skulen eller i barnehagen
- slit med å få vener
- har utviklingsforstyringar
- har lærevanskar
- vegrar seg for å eta
- har eit spesielt usunt kosthald
- gjer seg dårleg forstått
- mobbar eller plagar andre
- har funksjonshemmingar
- slit med sjukdom
- har rusproblem

Som ein hovudregel kan vi seie at det er grunn til uro, når **foreldre**:

- har vanskar med å ta ansvar for barnet/ungdomen
- i stor grad let andre henta og levera i barnehagen
- ikkje held avtalar
- ofte luktar alkohol/ har problem med rus
- verkar likegyldige til eiga framtoning
- vert opplevde som særskilt usikre, irritable eller sårbare
- er slitne grunna sjukdom
- er/har vore gjennom ein vanskeleg skilsmisse
- har/har hatt psykisk sjukdom
- har funksjonshemma barn eller sjuke foreldre å ta seg av

Andre problemstillingar kan vere overvekt, mistanke om vald og overgrep osv.

